



Klima- og miljødepartementet
Pb 8013 Dep
0030 OSLO

Høring av statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning i kommunene

Klimatilpassing har lenge vore eit høgt prioritert arbeidsområde for Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Vi er svært tilfredse med at det er utarbeidd eit framlegg til statlege planretningslinjer som også inkluderer klimatilpassing i kommunane. Vi meiner dei nye planretningslinjene vil bidra til å styrke arbeidet med klimatilpassing. Dette er viktig for å førebu samfunnet på konsekvensane av klimaendringar.

Vi støttar framlegget om å innarbeide klimatilpassing i dei eksisterande planretningslinjene for klima- og energiplanlegging. Dette vil etter vår vurdering fremme heilskapstenking i den lokale klimaplanlegginga.

Eit grep for heilskapleg klimaplanlegging

Det er behov for å sjå tiltak for utsleppsreduksjon og klimatilpassing i samanheng. Dei nye planretningslinjene vil styrke kommunane sitt arbeid med klimatilpassing, medan grepet med å innarbeide retningslinjene for klimatilpassing i dei eksisterande retningslinjene for klima- og energiplanlegging, vil bidra til at arbeidet med klimatilpassing og utsleppsreduksjon på ein naturleg måte blir sett i samanheng lokalt. Dette vil fremme heilskapstenking og -løysingar i klimaplanlegginga.

Ved å samle retningslinjene som omhandlar klima i eitt dokument, meiner vi at kommunane lettare kan sjå klimaarbeidet i samanheng.

Namnet på retningslinja

Det nye namnet på retningslinja er «Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning i kommunene». Det er i beste fall eit langt, og kanskje for tungvindt, namn. Dersom det er rom for å vurdere namnet på nytt, vil vi tilrå eit kortare og enklare namn, som til dømes «**Statleg planretningslinje for klimaplanlegging**». Eit slikt namn vil etter vår vurdering bidra til å understreke forventninga om ei heilskapleg klimaplanlegging. Dei ulike delane som slik ei planlegging må bygge på, kjem tydeleg fram i første avsnitt i punkt 1. Formål.

Roller og ansvar omtalt i 2. Virkeområde

Av punkt 2. Virkeområde, går det fram i avsnitt to, at «Fylkesmannen, statlege sektormyndigheiter og fylkeskommunane skal legge retningslinjene til grunn for sin rettleiing og deltaking i planprosessar». Det går vidare fram i tredje avsnitt at «Fylkeskommunen bør ta initiativ til samarbeid og læring om utsleppsreduksjonar og klimatilpassing i nettverk (...)».

Den nye statlege planretningslinja får eit utvida formål etter innlemminga av retningslinjer for klimatilpassing. Vi har lang erfaring og tradisjon i Sogn og Fjordane for å jobbe godt på tvers av etatar og forvaltningsnivå i det regionale og lokale klimaarbeidet. Vår erfaring er at klimatilpassing er eit utprega sektorovergripande arbeid, og at det er naudsynt med samordning, ikkje berre når det gjeld konkrete tiltak/planar, men også på rettleiings- og læringssida.

Fylkesmannen er gitt mynde på område som er svært sentrale i klimatilpassingssamanheng, vi tenkjer her først og fremst på rolla innanfor samfunnstryggleiks- og beredskapsområdet og den generelle rolla som samordnar av statleg politikk. Desse rollene bør nyttast til fulle i oppfølginga av den nye statlege planretningslinja. Vi føreslår at setninga i avsnitt tre vert erstatta med:

Fylkeskommunen, saman med Fylkesmannen, bør ta initiativ til samarbeid og læring om utsleppsreduksjonar og klimatilpassing (...). Dette vil sikre at ein nyttar både fylkeskommunen og Fylkesmannen sine roller på ein optimal måte for å stimulere det lokale klimaarbeidet.

Kommentar til avsnitta i punkt 4.1. Krav til planprosess og beslutningsgrunnlag

Vi tilrår å ta inn følgjande setning i starten av avsnittet: **Som en del av planprosessen skal konsekvensene av klimaendringer alltid vurderes.** Dette vil bidra til å gjere forventningane eintydige.

I første avsnitt i punkt 4.1. finn vi setninga «Når konsekvensene av klimaendringene vurderes, skal høye alternativer fra nasjonale klimaframskrivninger legges til grunn». Denne setninga foreslår vi blir forenkla til: **Høye alternativer fra nasjonale klimaframskrivninger skal legges til grunn.** Dette for å unngå tvil om «når» det er relevant å vurdere konsekvensane av klimaendringar. Vi er elles svært tilfreds med at planretningslinja slår tydeleg fast at dei høge alternativa skal leggest grunn for planlegginga.

Vidare tilrår vi at det siste avsnittet i punkt 4.1., vert skrive om og gjort meir generelt. Avsnittet viser til plikter som følgjer direkte av § 4-3 i plan- og bygningslova, eller er å sjå som utdjupande og eksemplifiserande kommentarar til punkt som er dekkja andre stader i planretningslinja. Deler av denne rettleiinga bør heller bli formidla gjennom eige rettleiingsmateriell. Arbeidet med klimatilpassing er i sterk utvikling, og det er ein fare for at ein ved å nemne nokre tiltak eksplisitt, kan komme til å ekskludere/oversjå tiltak som vi per i dag ikkje har like god kunnskap om, men som i framtida kan vise seg å vere sentrale i arbeidet med klimatilpassing. Dersom planretningslinja skal omtale bestemte tiltak/løysingar, bør den i tilfelle oppdaterast hyppig, slik at planretningslinja til ein kvar tid er oppdatert på aktuelle verkemiddel og tiltak i klimatilpassingsarbeidet.

Med helsing

Anne Karin Hamre
fylkesmann

Eline Orheim
assisterande fylkesmiljøvernsjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:
Kopi med vedlegg:
Kopi utan vedlegg:
Kopi pr. e-post: